



Jostein Haugsdal
Fensfjordvegen 1391
5986 Hosteland

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/901 - 23/8425

Saksbehandlar:
Jan Kvingedal
jan.kvingedal@masfjorden.kommune.no

Dato:
26.10.2023

Melding om delegert vedtak - Søknad om tilkopling til kommunalt vatn - gbnr 1/22

Me syner til søknad motteke 15.09.23

Administrativt vedtak. Saknr: 095/2023

Tiltakshavar: Jostein Haugsdal
Ansvarleg søkjar: HAFS elektro og rør AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tilkopling til kommunalt vassverk

VEDTAK:

Masfjorden kommune ved rådmannen viser til Masfjorden vassverk, reglement og vilkår for tilknytning og godkjenner søknad om tilkopling til kommunalt vassverk for gbnr. 1/22 på fylgjande vilkår:

1. Tilknytingsavgift skal vera betalt før tilkopling til kommunalt vassverk.
2. Dersom det er behov for trykkauke eller reduksjon er det tiltakshavar som må ta kostnaden med dette.
3. Det er tiltakshavar som er ansvarleg for at anlegget i og fram til huset er dimensjonert for trykket i den kommunale leidninga.
4. Det skal sendast inn ferdigmelding når tiltaket er avslutta.

HAFS elektro og Rør AS vert godkjent som ansvarleg søkjar for tilknytninga.

Heimel: Masfjorden vassverk, reglement og vilkår for tilknytninga.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen

er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
1.1.3	Tilknytningsavgift vatn	1	25.537,50
	Totalt gebyr å betala		

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl § 21-4 (6).

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

SAKSUTGREIING:

Tiltak

Saka gjeld søknad tilknytning til kommunalt vassverk for gbnr. 1/22, Ytre Haugsdal.

Fakta

Det er søkt om tilknytning til kommunalt vassverk på gbnr. 1/22. Dersom det må nyttast installasjon for trykk- auke eller reduksjon må tiltakshavar ta kostnad med dette.

Det er lagt ved søknaden erklæring frå gbnr. 1/8 om rett til å føre vassleidning over deira eigedom og fram til bnr. 22.

Vurdering

Søknad er iht. reglement og vilkår, Masfjorden vassverk.

HAFS Elektro og rør AS ver godkjent som ansvarleg søkjar og utførande for anlegget og har ansvar for å senda ferdigmelding når tiltaket er avslutta.

Konklusjon

Det vert gjeve løyve til tiltaket jf. vedtaket.

Med helsing

Roald Kvingedal
teknisk sjef

Jan Kvingedal
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Kopi til:

Hafs Elektro & Rør As

Sognefjordvegen 5961
444

Brekke

Mottakrar:

Jostein Haugsdal

Fensfjordvegen 5986
1391

Hosteland